



Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep.  
0030 OSLO  
[postmottak@sd.dep.no](mailto:postmottak@sd.dep.no)

## NTP 2025 – 2036: Uttale frå Fjordvegen Riksveg 13

Fjordvegen Riksveg 13 er ei interesseforeining for Rv13. Foreininga sitt føremål er å arbeida på for oppgradering og vedlikehald av Rv 13 slik at denne blir ein trygg veg med gjennomgåande høg standard for heile strekninga samt å marknadsföra vegstrekninga som ei effektiv, vakker transportåre og som den indre stamvegen mellom Stavanger og Sogndal.

Medlemmer i foreininga er fylkeskommunar, kommunar, interkommunale selskap, vegselskap, næringsorganisasjonar, verksemder og andre føretak som har interesse i foreininga sitt føremål.

Fjordvegen Riksveg 13 vil koma med følgjande høyningsuttale til transportverksemndene sine svar på NTP-oppdrag vedr. utgreiing og prioritering:

- Liv og helse må prioriterast først, og det må leggjast vekt på på eit trygt og framkomeleg vegnett. Dette gjeld omsyn til både minstestandard og føreseieleg vinteropen veg.
- Livsviktige kvardagsvegar med stor betydning for næringslivet, ofte med sesongmessig høg ÅDT, slit med å bli prioritert etter tradisjonelle samfunnsøkonomiske kriteria. I tillegg gjev dei endra klimatilhøva større rasfare, og det blir dyrare å venta med nødvendig rassikring.
- Vi krev større pott til rassikring og gjeninnføring av eige rassikringskapitel i NTP. Det er uheldig om fordeling av midlar til rassikring, tunneloppgradering og vedlikehald skal vere basert på samfunnsøkonomi, og vi meiner at andre forhold som samfunnstryggleik og sikkerheitskrav må vektleggjast. Fjordvegen Riksveg 13 meiner at rassikring må prioriterast langt høgare i NTP 2025-2036.  
Kap 31 skredsikring er nulla ut, men inngår i kap 30 riksveginvesteringar. Kap 31 må inn igjen og aukast kraftig.



- Vi støttar kravet til Nasjonal rassikringsgruppe som krev sikring av alle punkt med skredfaktor høg og middels. Ambisjonane i forslaget frå SVV er for låge. Fjordvegen støttar Nasjonal rassikringsgruppe sitt krav om:
  - 2 milliarder meir pr år til rassikring av fylkesvegane.
  - 2 milliarder meir pr år til rassikring av riksvegane.
- Arbeidet for ein framtidig skredfaktormodell må prioriterast slik at det kan oppnåast lokal aksept og stabil politisk tillit (kan gjelda f.o.m. NTP 2029-2040). Det er uakzeptabelt om det vert slik at ny modell ikkje skal på høyring.

Statens vegvesen må laga ein samla plan for søre delen av riksveg 13 Skare – Stavanger (Tilsvarande det Nye veier gjer for nordre del). Desse to overordna planane må sjåast i ein heilskap.

Særlege strekk av riksveg 13 med vedvarande høg rasfare og aukande utfordringar må prioriterast uavhengig av vegeigar og Nasjonal Transportplan:

- Fjordvegen Riksveg 13 er positiv til at det er satt av midler til rv 13 i Nye Veier AS sin portefølje, og ber om at rassikring bør ha særleg prioritet på denne strekninga. RV 13 er ein viktig nord-sør-korridor i indre del av Vestland, og utbetring av denne vil ha særleg stor nytteverdi for auka reiselivsutvikling i fylket.

Fjordvegen Riksveg 13 viser til at rv. 13 Vikafjellet er den mest vinterstengte vegen i Sør-Noreg, og ber om at Vikafjellstunnelen vert innarbeida i Nye Veier AS sin portefølje. Nye Veier AS og SVV har same konklusjon på Vikafjellsvegen; det er ei politisk viljeserklæring som trengst for å byggja tunnelen.

Fjordvegen Riksveg 13 utfordrar Stortinget til å fatta prinsippvedtak om bygging av Vikafjellstunell, og gje planmidlar i første periode av NTP.

Kinsarvik, 3. juli 2023

Med helsing  
Fjordvegen Riksveg 13

Marta S. Vange /s./  
Styrelseiar

Jostein Eitrheim /s./  
Dagleg leiar